



Trond Morten Strand Trøet
Nøttveitvegen 7
5238 RÅDAL

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/13635 - 23/18168

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n
o

Dato:
06.03.2023

Vurdering av status i sak for ulovleg tilfelle - gbnr 319/6 Sagstad

Tiltak: Ulovleg bruk av låve til bustad
Byggjestad: Gbnr: 319/6 Sagstadvegen 142
Tiltakshavar: Trond Morten Strand Trøet

Oppfølging av det ulovlege tilfellet er avslutta frå kommunen si side.

Eigar av gbnr 319/6 har etter oppfølging frå kommunen tilbakeført det ulovlege tilfellet og levert nødvendig dokumentasjon på dette.

Det vert vist til brev av 04.11.22 og førehandskonferanse den 17.02.23.

I brev av 04.11.22 er det lagt ved eit bilete av fråkobra vatn samt at kjøkkeninnredning er fjerna. Vi vurderer at denne dokumentasjonen samt tidlegare skriftleg stadfesting på at bygningen ikkje nyttast til beuing er tilstrekkeleg til at kommunen kan avslutte oppfølginga av det ulovlege tilfellet.

Som informert i førehandskonferanse vil vi ikkje krevje full tilbakeføring slik som det går fram av vedtaket av 25.09.17. Det er tilstrekkeleg at bygningen vert gjort «ubeboelig» ved at enten bad eller kjøkken fjernast fullstendig. Rettinga vurderast difor som utført på bakgrunn av motteken dokumentasjon.

Det er fakturert dagmulkt i saka fram til 30.09.22. Perioden frå 01.10.22-04.11.22 vil ikkje bli fakturert.

Avslutning av sak om mogleg ulovleg tilhøve er ikkje eit enkeltvedtak, og kan difor ikkje klagast på etter reglane i forvaltningslova.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Trond Morten Strand Træet

Nøttveitvegen 7

5238

RÅDAL